

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	TI - &13, FA - K54	16/1017

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Høyringsak - framlegg til endring av vassressurslova

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Høring – forslag til endringer i vannressursloven og jordlova	05.12.2016
VS Høring – forslag til endringer i vannressursloven og jordlova	05.12.2016
Høringsnotat - endringer i jordlova	05.12.2016
Høringsnotat - endringer i vannressursloven	05.12.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Olje- og energidepartementet har i brev av 02.12.2016 sendt på høyring framlegg til endringar i lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvatn (vassressursloven) og lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova).

Departementet foreslår endringer i vassressursloven på fire områder. Frist for å koma med merknad er 10. februar 2017.

Nedunder er samandraget i notatet om vassressurslova vist i kursivtekst:

Departementet fremmer i dette høringsnotatet forslag om flere endringer i vannressursloven.

Forslagene består av fire hoveddeler.

Departementet foreslår å lovfeste en tilsvarende bestemmelse som i lakse- og innlandsfiskloven § 7 a første ledd om særlig beskyttelse av laksen ved tiltak i vassdrag etter vannressursloven. Forslaget følger forutsetningen fra Prop. 86 L (2011-2012).

Det foreslås flere endringer av reguleringen av grunnvann i vannressursloven. Forslagene bygger på utredningsrapporten til en arbeidsgruppe om grunnvann avgitt til Olje- og energidepartementet 22. juli 2016. Arbeidsgruppen utredet spørsmålene om konsesjonsplikt, aktsomhetsplikt og

forvalteransvar for grunnvann og grunnvannsboring.

Med den betydelige økte aktiviteten i samfunnet knyttet til grunnvann, er det nødvendig med et regelverk som er tilpasset de krav som settes ut fra hensynet til samfunnsmessig effektivitet. Departementets forslag innebærer at vannressurslovens bestemmelser om grunnvann i stor grad vil være parallelle med reguleringen av vassdrag. Det foreslås å innføre en aktsomhetsplikt for påvirkning av grunnvann. Videre foreslås det å endre konsesjonsplikten for rådighet over grunnvann. Gjeldende konsesjonsplikt har vist seg vanskelig å praktisere. I tillegg foreslår departementet mindre endringer for at vannressurslovens regler skal bli mest mulig lik for vassdrag og grunnvann.

Videre foreslås det å endre vannressurslovens bestemmelse om retting. Departementet foreslår at det presiseres at vassdragsmyndigheten kan pålegge retting når det konstateres forhold i strid med loven eller vedtak i strid med loven.»

Til slutt foreslår departementet å gi kommunene myndighet til å fatte vedtak om konsesjon til vannkraftverk på inntil 1 MW etter vannressursloven. Departementet er klageinstans for vedtak fattet av kommunen.»

Nedunder er eit avsnitt om endringa knytt til jordlova vist i kursivtekst:

«Olje- og energidepartementet foreslår en endring av lov om jord (jordlova) § 2 tredje ledd, slik at forbudet mot omdisponering etter § 9 og krav til samtykke for deling etter § 12 ikke skal gjelde for tiltak med konsesjon etter energiloven § 3-1, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven. Etter ordlyden i § 2 tredje ledd er det i dag kun vassdragstiltak etter vannressursloven som er unntatt fra omdisponeringsforbudet i § 9. For någjeldende § 12 om deling er det unntak for tiltak etter alle de tre lovene.

Forslaget fjerner tvil om rekkevidden av dagens bestemmelse, og gir en enklere og mer forutsigbar prosess for tiltakshavere...»

Vurdering

Rådmannen vil visa til at vassressurslova er ei viktig lov for ein kraftkommune som Masfjorden, og at kommunen også har store interesser knytt til grunnvatn i samband med at både hovudvassforsyninga og dei andre mindre vassverka får råvatnet frå grunnvasskjelder. I tillegg er det mange store og små vassdrag med potensiale for kraftproduksjon i Masfjorden, og delegering av fullmakt til å gjera vedtak om konsesjon for vasskraftverk på inntil 1MW kan difor gje kommunen nye utfordringar og meir råderett i slike saker.

Når det gjeld endringar i jordlova vil rådmannen vise til notatet som ligg ved saka utan nærmare kommentar.

Konklusjon

Saka om høyring knytt til desse to lovene vert lagt fram til politisk drøfting for eventuell fråsegn til departementet.

Formannskapet - 016/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune rår til at kommunane får mynde til å fatta konsesjon til vasskraftverk på inntil 3 mW etter Vassressurslova. Grunngevinga er at kommunane sjølv har den beste lokalkunnskapen til å avgjera dette.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune rår til at kommunane får mynde til å fatta konsesjon til vasskraftverk på inntil 3 mW etter Vassressurslova. Grunngevinga er at kommunane sjølv har den beste lokalkunnskapen til å avgjera dette.